

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for næring og kultur</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Svanøy hovudgård</b>
<b>Møtedato</b>	<b>21.06.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>09.00 – 15.00</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar  
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar  
Aleksander Øren Heen, Sp  
Erlend Haugen Herstad, Sp  
Hilmar Høl, Ap  
Torbjørn Vereide, Ap  
Anne Lilleaasen, H  
Marita Gunn Aarvik, Frp  
Jon Olav Kvamme, KrF**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Jan Heggheim  
Assisterende fylkesdirektør Endre Høgalmen  
Assisterende fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad**

**Sekretariat for møtet:**

**Helga Bjørkhaug**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 31.05.2016 vart godkjend utan merknader.

**Orienteringar 20. juni:**

- Flora kommune sitt arbeide med kultur i omsorgssektoren ved kommunalsjef Norunn Stavø, pleie - og omsorgssjef Ragnhild Holm og rådgjevar Jorunn Bakke Nydal, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- Den kulturelle skulesekken ved DKS koordinator Øyvind Høstaker.
- Orientering og omvising på Kystmuseet ved avdelingsdirektør Berit Høyvik.
- Omvisning på oppdrettsanlegget til Marø Havbruk ved Elin Tveit Sveen.
- Kampen mot lakselusa:  
Bruk av laser mot lakselus ved Geir Inge Rødseth, Stingray.  
Behandling med varmt ferskvatn ved Elin Tveit Sveen, Marø Havbruk.

Bruk av rensefisk i matfiskproduksjonen ved Elin Tveit Sveen, Marø Havbruk.

- Aurerogn, eit nytt eksportprodukt ved Ola Sveen.
- Ulike konsept for lukka oppdrettsanlegg:  
FLO Marine ved dagleg leiar Gunnar Stavøstrand.  
Ecomerden ved Fredrik Kyrkjebø.
- Omvisning på Svanøy Røykeri med smaksprøver ved Gro Tveit Sveen.

**Orienteringar 21. juni:**

- Marin næringsutvikling ved fagkoordinator Lena Søderholm.
- Marin forvaltning ved seniorrådgjevar Elisabeth Aune.
- Etableraroplæring – nye kurs ved assisterande fylkesdirektør Endre Høgalmen.
- Omvisning på Svanøy hovudgård ved Ole Svanøe og Rannveig Solheim.
- Omvisning på Norsk Hjortesenter ved dagleg leiar Johan Trygve Solheim.

**SAK 64/16      Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur  
21.06.2016**

**VEDTAK:**

1. Svar på søknad - nærings- og samfunnsutvikling 2016 - Prosjekt: Sikringshytte til Skålataånet.
  2. Svar: Tilskot til Prosjekt: Tretopphytter
  3. Svar - Søknad om støtte til Prosjekt: Visuell marnadsføring - Gloppen
  4. Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 - Prosjekt: Framtidas Landbruk
  5. Eit avbrekk ved Lærdalselvi? Invitasjon til orienteringsmøte om sjøaure- og laksefiske
  6. Lev Vel prosjektet - informasjon
- 

**SAK 65/16      Desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg -  
fullmakt til fordeling av tilskot.**

**VEDTAK:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilskotet til lokale kulturbrygg ut frå følgjande prinsipp og i prioritert rekkefølge:
    - a) Gjenteken søknad.
    - b) Tiltak som reduserer energiforbruket, (ENØK- tiltak)/kulturbrygg som samlar ulike kulturaktivitetar.
    - c) Tilleggsloyming.
  2. Fordelinga vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.
  3. Søkjarar som har fått avslag men har ein godkjend søknad, kan fornye sine søknadar i 2017.
  4. Søkjarar med søknadar som ikkje er godkjende, kan rette opp manglane og sende inn søknaden på nytt i neste søknadsrunde.
- 

**SAK 66/16      Desentralisert ordning tilskot til kulturbrygg**

**VEDTAK:**

Lokalt kulturliv treng gode rammevilkår for å vekse og utvikle seg, og eigna lokaler er ein viktig faktor der staten kan spele på lag med kulturlivet i heile landet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er uroa for den store og raske statlege nedbygginga av tilskotsordninga *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg* med ein halvering i avsettinga av spelemidlar til føremålet i løpet av dei siste to åra. Behova i kommunar og lokalsamfunn er store, og reduksjonen i løyvingane til lokale og regionale kulturbrygg vil derfor ha svært negative konsekvensar for det lokale kulturlivet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar om at staten anerkjenner viktigeita av denne tilskotsordninga på same måte som ein anerkjenner viktigeita av gode ordningar som finansierer anlegg til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Vi ventar at ordninga vert opprettheld, og at løvvingane vert auka opp i tråd med behovsvurderingane, minimum til 2014-nivå.

Tal søknader i Sogn og Fjordane til ordninga har auka, medan løvvingane går ned. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at kriteria for tildeling vert endra til ei behovsprøving. Vi utfordrar staten til å samarbeide med representantar for lokalt og regionalt kulturliv for å utvikle ordninga til beste for kvardagsskululturen i heile landet.

---

## **SAK 67/16      Bruk av fondsmidlar til styrking av friluftslivstiltak**

### **VEDTAK:**

Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponere kr. 301 000 som er avsett på bunde fond (konto 25199950) til prosjektering og arkitektkonkurranse i samband med prosjekt «Dagsturhytte med friluftslivsbibliotek».

---

## **SAK 68/16      Deltaking i EU-prosjektet "Rural focused European creative and cultural cooperation project."**

### **VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som partner i «Rural focused European creative and cultural cooperation project».
  2. Prosjektet har som mål å utveksle erfaring med turnering av kultur i rurale område og å utveksle kulturprogram mellom dei ulike partnerlanda. Prosjektet går over tre år med oppstart våren 2017, og vert ein prioritert innsats i Den kulturelle skulesekken i prosjektperioden.
  3. Det vert løyvd €150 000 (tilsvarende om lag 1,4 mill kr) av fondsmidlar øyremerka Den kulturelle skulesekken, funksjon 77113.
- 

## **SAK 69/16      Regionale utviklingsmidlar 2016 - fordeling 2**

### **Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Bergen matfestival 2016 får avslag på søknaden om støtte.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det snarleg vert utarbeidd eit økonomisk grunnlag som synleggjer kostnadane med bygging og utrusting av eit nytt opplæringsfartøy. Fylkeskommunen gjev eit tilskot på 200 000 kr for å gjennomføre arbeidet med å prosjektere eit nytt opplæringsfartøy og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane. I prosjektet skal representantar frå oppdretts- og fiskerinæringa, personell frå kokkelinja og frå andre relevante bransjar trekkast inn i prosessen for å sikre den rette infrastrukturen og dei fysiske fasilitetane om bord til skipet sine planlagde føremål.
3. Opplæringsfartøy AS får 200 000 kr til prosjektering av nytt opplæringsfartøy.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar restmidlar frå tidlegare prosjekt og avsette midlar i 2016 til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2016, totalt 2,3 mill. kr.
  - a. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar.
  - b. Hovudutval for næring og kultur skal regelmessig informerast om status i breibandutbygginga i fylket.
5. Njøs næringsutvikling AS får eit tilskot på 75 000 kr. til prosjektet «Nye frukt- og bækulturar» for 2016.
6. Fjordkonferansen vert støtta med 100 000 kr samla for åra 2016 og 2017.
7. Sunnfjord Næringsutvikling vert støtta med 300 000 kr til finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017.
8. Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert støtta med 180 000 kr i 2016. Eventuell støtte for dei komande åra vert å kome attende til på grunnlag av søknad.
9. Solund kommune får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Overvakning av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt».
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 2,5 mill. kr til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune»
11. 4H Sogn og Fjordane vert støtta med 70 000 kr til arrangementet Barnas Matfestival.
12. Norges Vel får avslag på søknad om tilskot til etablering av eit Economusee i Balestrand.
13. Mo og Øyrane videregåande får støtte til:
  - a. kurset «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» med 17 600 kr.
  - b. kurset «Masseyflyttingsmaskin» med 23 400 kr.
14. Tilskota vert finansiert slik:
  - a. Tilskot til Opplæringsfartøy AS vert dekka med disponible restmidlar frå tidlegare år.
  - b. Tilskotet til Njøs næringsutvikling AS vert dekka med midlar sett av til næringsretta tiltak innan landbruk i budsjett 2016, tenesteområde 7012.
  - c. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekka med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.
  - d. Tilskotet til Tour des Fjords vert dekka med midlar frå infrastruktur i reiselivet.
  - e. Tilskotet til Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 7164 friluftsliv.
  - f. Løyvinga til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune» vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 7018 Kunnskap
  - g. Tilskotet til Barnas Matfestival vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.
  - h. Tilskotet til kursa «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» og «Masseyflyttingsmaskin» vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.

Endringsframlegg:

Fylkesdirektøren trekte pkt. 2 i tilrådinga. Dei andre punkta vert justerte punktvis.

Høgre sette fram slikt framlegg til endring under pkt. 7 og pkt. 14d:

Pkt 7: Sunnfjord Næringsutvikling vert støtta med kr 500.000 til finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017.

Pkt 14d: Forutset at tilskot til Tour des Fjords vert dekka med midlar frå infrastruktur i reiselivet.

**Avrøysting:**

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegget frå Høgre. Tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 6 røyster og vart dermed vedteken. Anne Lilleåsen, Hilmar Høl og Marita Gunn Aarvik røysta for endringsframlegget frå Høgre som vart forkasta.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Bergen matfestival 2016 får avslag på søknaden om støtte.
2. Opplæringsfartøy AS får 200 000 kr til prosjektering av nytt opplæringsfartøy.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar restmidlar frå tidlegare prosjekt og avsette midlar i 2016 til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2016, totalt 2,3 mill. kr.
  - a. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele tilgjengelege breibandmidlar.
  - b. Hovudutval for næring og kultur skal regelmessig informerast om status i breibandutbygginga i fylket.
4. Njøs næringsutvikling AS får eit tilskot på 75 000 kr. til prosjektet «Nye frukt- og bærkulturar» for 2016.
5. Fjordkonferansen vert støtta med 100 000 kr samla for åra 2016 og 2017.
6. Sunnfjord Næringsutvikling vert støtta med 300 000 kr til finansiering av Tour des Fjords Sogn og Fjordane 2017.
7. Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert støtta med 180 000 kr i 2016. Eventuell støtte for dei komande åra vert å kome attende til på grunnlag av søknad.
8. Solund kommune får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Overvaking av havørn ved oppdrettsanlegg – forprosjekt».
9. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 2,5 mill. kr til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforsking – Sogn og Fjordane fylkeskommune»
10. 4H Sogn og Fjordane vert støtta med 70 000 kr til arrangementet Barnas Matfestival.
11. Norges Vel får avslag på søknad om tilskot til etablering av eit Economusee i Balestrand.
12. Mo og Øyrane videregåande får støtte til:
  - a. kurset «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» med 17 600 kr.
  - b. kurset «Masseyflyttingsmaskin» med 23 400 kr.
13. Tilskota vert finansiert slik:
  - a. Tilskot til Opplæringsfartøy AS vert dekka med disponible restmidlar frå tidlegare år.

- b. Tilskotet til Njøs næringsutvikling AS vert dekka med midlar sett av til næringsretta tiltak innan landbruk i budsjett 2016, tenesteområde 7012.
  - c. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekka med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.
  - d. Tilskotet til Tour des Fjords vert dekka med midlar frå infrastruktur i reiselivet.
  - e. Tilskotet til Forum for natur og friluftsliv (FNF) vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 7164 friluftsliv.
  - f. Løyvinga til «Utviklingsavtale 2016 mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane – Vestlandsforskning – Sogn og Fjordane fylkeskommune» vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 7018 Kunnskap
  - g. Tilskotet til Barnas Matfestival vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.
  - h. Tilskotet til kursa «Grunnleggande kurs i arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar» og «Masseyflyttingsmaskin» vert dekka over budsjett 2016, tenesteområde 70146 landbruk.
- 

**SAK 70/16      Ny partnarskapsavtale mellom fylkeskommunane og  
Fjord Norge**

**VEDTAK:**

- 1 Ny partnarskapsavtale med Fjord Norge AS vert godkjent slik den ligg føre.
-